



Full fart i ein ny dansesesong i Helgheim! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under ungdomslaget sitt barnediskotek i Helgheim fredag kveld vart det sett ein imponerande rekord: Det møtte fram meir enn 80 som går i frå første til sjuande klasse.



I "yngste klasse" møtte det vel 30 og her er dei. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er ein klar rekord, og ein av grunnane er at vi har besøk også frå Herøysund. Men det er framfor alt engasjementet av Rosendal Lyd og Lys som har gjort susen, sa diskotek-veteran Rigmor Rasmussen. Og det var ikkje tvil om at det profesjonelle opplegget med omsyn til effektar både av lys, lyd og også røyk appellerte sterkt til dei unge.

- Det er ein heilt annan og større aktivitet på golvet enn vi har hatt før, sa Thomas Eide.



Det vart lang kø då "eldste klasse" myldra inn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I den første gruppa, som er for dei tre lågaste klassane, var det i overkant av 30 medan det møtte rundt rekna 50 frå dei fire øverste klassane! For omtrent eitt år sidan vart den førre rekorden sett med 60 frammøtte og då skreiv vi at omgrepet 'dans på lokalet' var i ferd med å få ein ny dimensjon i ei ny tid i Uskedalen. No gjeld det altså i enda større grad!

Men diskoteket i Helgheim har faktisk lange tradisjonar, for det vart starta av Olaug Aasen allereie på 1980-talet. Ho heldt trufast på heilt til i 2005.

Barnediskoteket blir halde ein gang i månaden og har altså fått ein svært god start i ein ny sesong.

Eigentleg skulle opningskvelden ha vore noko tidlegare, men vart utsett på grunn av kollisjon med diskotek-kveld i Omvikdalen.

Av Ola Matti Mathisen





"Eldste klasse" sett gjennom diskotekrøyken i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)